



Camilla i aksjon med Ozzy på Husnes sist helg.

Den aktive leiaren i Kvinnherad Hundeklubb Camilla Jensen opplyser til uskedalen.no at ho førebels ikkje har fått respons på appellen om å skaffa klubben ei treningsbane på 40 X 40 meter. Oppmodinga gjeld sjølvsagt framleis.

Men det betyr slett ikkje at ho og klubben ligg på latsida. Tvert imot opererer dei med eit omfattande kursopplegg.

No går Camilla ut og inviterar til valp og kvardagslydigheitskurs på grusbana i Uskedalen. Ho skal sjølv vera instruktør for kurset, som passar best for valpar og unghundar. Første kursdagen er tysdag 22. mars og kurset går over 8 tysdagar,

Klubben held også fram med treningsopplegg to stader i kommunen.

Ved Sunde Barneskule er det trening i lydigheit på onsdagar og på

torsdagar er det agilitytrening på ridebana i Rosendal,

Begge startar klokka 18.

For dei som framleis ikkje har lært kva agility betyr; Det betyr at hundane skal gjennom ei hinderbane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen